



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1377 - 15/20016

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

22.05.2015

## **Uttale til oppstart av verneprosess for Lurefjorden og Lindåsosane som marin verneområde.**

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjenvæst.*

Med helsing

Nora Gjerde

administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/15	Plan- og miljøutvalet	PS	19.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eli Bjørklid	15/1377

## **Uttale til oppstart av verneprosess for Lurefjorden og Lindåsosane som marin verneområde.**

### **Vedlegg:**

Melding om oppstart av vern for Lurefjorden og LindåsosaneKart - Lurefjorden og Lindåsosane

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune tek melding om start av arbeidet med Verneplan for Lurefjorden og Lindåsosane til etterretning. Kommune vurderer det slik at det er viktig at vernestyresmaktene under vegs i prosessen med planane, har tett kontakt med lokale styresmakter for å sikre best mogeleg resultat for alle partar som vert råka – privatpersonar, ålmenta, lokale styresmakter og næringsaktørar.

På det noverande tidspunktet i prosessen vil Lindås kommune peike på følgjande moment som viktige:

- tilhøvet til landbruksnæringa i området må utgriast nøyne, og framhald av denne næringa må sikrast og etter at vern av området eventuelt er sett ut i livet
- næringsaktivitet elles og busetting rundt fjordsystemet må kunne halde fram, og dette må klargjerast eksplisitt i arbeidet med planen
- vernestyresmaktene må legge til grunn i sitt arbeid at dei gjeldande og snarleg ferdigstilte private og kommunale planane som er utarbeidd for området, skal kunne realiserast.

## **Plan- og miljøutvalet - 083/15**

**PM - behandling:**

**Fellesframlegg:**

Lindås kommune ser ikke nødvendigheten av oppstart på arbeidet med verneplanen for Lurefjorden og Lindåsosane.

Lindås kommune vil påpeike at sikring av slike områder er godt ivaretatt av allerede eksisterande lover, forskrifter og planprosesser.

Lindås kommune vil ikke at områder i Lindås skal innlemmes i verneområdet.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**PM - vedtak:**

**Uttale i plan- og miljøutvalet - 19.05.2015:**

Lindås kommune ser ikke nødvendigheten av oppstart på arbeidet med verneplanen for Lurefjorden og Lindåsosane.

Lindås kommune vil påpeike at sikring av slike områder er godt ivaretatt av allerede eksisterande lover, forskrifter og planprosesser.

Lindås kommune vil ikke at områder i Lindås skal innlemmes i verneområdet.

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

**Bakgrunn**

Fylkesmannen i Hordaland har sendt på høyring «Melding om oppstart av planarbeide for opprette eit område i Lurefjorden og Lindåsosane som marint verneområde». Heimel for arbeidet er §42 i Naturmangfaldlova og kapittel VII i Forvaltningslova. Arbeidet er ein lekk i arbeidet med å verne representativ norsk natur for kommande generasjonar. Området ein vurderer er heile Lurefjorden og Lindåsosane innafor kommunane Lindås, Radøy og Austrheim.

Frist for å komme med innspel til melding om at arbeidet startar er 20.mai 2015.

**Kort samandrag av det faglege grunnlaget for planprosessen:**

Planområdet er synt på kart. Område som alt er verna i anna plan(t.d. fuglereservat)

avgjer kor grensa mellom sjø og land er trekt (ikkje noko område skal vernast etter to ulike føresegner). Marebakken til 2 meters djup er grensa mot privat grunn og tidevassona er grense mellom land og sjø.

Grunnen til at ein ynskjer å verne området er at «Lurefjorden og Lindåsosane er eit spesielt marint fjord- og pollsystem i ytre kyststrok».

**Lurefjorden** er bunden saman med fjordsistema utanfor gjennom lange grunne sund. Sjølve Lurefjorden har eit djupbasseng med største djupne over 400 meter. Grunne, sterke straumar syter for utveksling av overflate vatn. Det er store førekomstar av kronemanet og ishavsåte i fjorden.

**Lindåsosane** ligg aust for Lurefjorden og heng saman med denne gjennom tre grunne sund der terskeldjupne berre er om lag 2 meter. Utveksling av tidevatnet skjer via desse tronge og grunne sunda. Difor går utskiftinga av botnvatnet langsamt og forskjellane mellom flo og fjøre vert strekt redusert. Desse tilhøva saman skapar spesielle tilhøve i bassenget, noko som i sin tur har ført til at det lever artar med særlege eigenskapar i bassenget. Det er og ei eiga sildestamme som vart innesperra då landet steig etter siste istid og som lever heile sin livssyklus innanfor tersklane. Elles har området havørn, smålom, hubro og er eit viktig overvintringsområde for siland og kvinand.

«Føremålet med å ta vare på marine miljø er å ta vare på marine naturverdiar og økosystem. Meininga er at dei områda som er plukka ut for nærmere vurdering for vern (kandidatområda) skal dekke variasjonsbreidda i norsk marin natur. Representative, særegne, sårbare og truga marine naturverdiar i norske kyst- og havområde skal sikrast. Dette inkluderer botnane og botnlevande organismar, men også organismar i vassmassane der dei inngår i verneverdiane.»

I Lindåsosane og Lurefjorden er det tresklane som styrer vassutvekslinga og dei fysiske rammevilkåra i fjorden og pollane, som er viktige verneføremål. Områda er interessante for forsking, og mellom anna har sildestamma vore nøye studert. Lurefjorden og Straumsosane er registrert som viktig gyteområde for torsk.

Verneføremålet er å take vare på eit særegne fjord- og pollsystem med stor spennvidde og til dels ekstreme miljøtilhøve. Det finst og fire registrerte marine kulturminne i området.

### **Konsekvensar av vernet for brukarinteresser i området.**

Nedanfor føl ei opplisting av brukarinteressene i og rundt fjordsystemet, og ei vurdering av korleis verneframlegget vil påverke desse interessene i følgje vernestyresmaktene:

- fritidsfiske vil kunne halde fram som før
- yrkesfiske vil kunne halde fram som før. Fiskereiskapar som kan nyttast vert snøre, teine, garn og line, men ikkje trål som kan skade botnen. Det kan og verte etablert soner med forbod mot garn – t.d. der det er korallar.
- ferdsel og ankring vil kunne halde fram som før
- havbruk er ikkje etablert i dag, og vil heller ikkje kunne etablerast om området vert verna

- inngrep på botnen vil ikkje verte tillete, t.d. uttak av skjelsand, sand, grus. Deponering av massar vil heller ikkje kunne gå føre seg. Taretråling vert forbode.
- tekniske inngrep som oppføring av kaianlegg og småbåthamner bør ein vere forsiktig med
- røyrleidning og kablar i sjø må ein vere varsam med – anna enn i utvalde korridorar og med skånsame metodar, men vedlikehald av eksisterande anlegg er ok.

Generelt skriv styresmaktene: «Det er lagt opp til strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervassprenging, legging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting.»

Det vert rådd til at den planlagde oljerøyrleidninga frå Mongstad til Johan Sverdrupfeltet bør kryssje fjordsystemet i ein 5,5km lang tunnel, som vil påverke botntilhøva og verneverdiene minimalt.

Næringsverksemd kan få ulemper av vernet, men dette er det ikkje sagt noko meir spesifikt om. Ein trur vern kan auke tilstrøyming av turistar til t.d. Lyngheisenteret, men ein trur ikkje dette vil verke negativt for føremålet med vernet.

#### **Konsekvensar som ikkje er vurdert i framlegget til planprogram:**

I vurdering av konsekvensane for brukarane i området, kan ein ikkje sjå at tilhøva for landbruk er vurdert.

Tilhøvet til andre planar er nemnt, men for Lindås sin del er det som står ikkje tilfredsstillande. Dei føreheld seg til at «I 2008 starta arbeidet med å rullere kommuneplanen». Og vidare til at «ein arbeider med ein kommunedelplan for hovuddelen av Lindåsosane og Lygra.»

Mogelege konsekvensar av etablering av området som del av eit biosfæreområde, er ikkje omtala.

#### **Vurdering:**

Om gjennomgangen over syner, er oppstartmeldinga ikkje særleg konkret. For Lindås kommune er følgjande moment viktig:

- næringsaktivitet i områda rundt verneområdet må kunne halde fram som før, og ny verksemd som ikkje kjem i for stor konflikt med verneføremålet må kunne etablerast.
- landbruk er pr. i dag det viktigaste næringa rundt heile fjordsystemet. Landbruket har gått føre seg i alle generasjonar, og aktiviteten er truleg mindre i dag enn på lenge. Det bør etablerast eit «nullnivå» som skildrar påverknad frå landbruk til fjordsystemet i dag og så diskuterast om det er naudsynt med restriksjonar. Landbruksaktiviteten er viktig for busetting i områda rundt fjordsystemet og for samanhengen mellom sjøen sitt kulturlandskap og kulturlandskapet på land langs området. Landbruk må difor kunne halde fram også etter at fjordsystemet eventuelt vert verna busetting i områda rundt fjordsystemet må kunne halde fram

- kommunedelplanen for Lurefjorden og Lindåsosane vert gjort ferdig i desse dagar. Dei tiltaka og dei planane for områda som er lagd til rette for i denne planen, må kunne realiserast sjølv om fjordsystemet vert verna. Vernestyresmaktene må ta omsyn til dette i det vidare arbeidet sitt
- gjeldande kommuneplan for dei områda langs fjordsystemet som ikkje vert dekka av kommunedelplanen, er kommuneplanen som vart vedteken i 2011. dei tiltaka som er skissert i området i denne planen gjeld framleis. Dersom vernestyresmaktene har synspunkt på at noko må endrast, bør dette takast opp i samband med rullering av kommuneplanen som truleg startar opp i hausten 2016
- det er gjort vedtak om å arbeide for å realisere områda i og rundt Lurefjorden/Lindåsosane som biosfæreområde. Dette arbeide er i gong i regi av regionrådet. Verneplanane for Lurefjorden/Lindåsosane bør ta omsyn til dette arbeidet så sant det let seg gjere og er meiningsfullt.

Administrasjonen rår til følgjande vedtak:

Lindås kommune tek melding om start av arbeidet med Verneplan for Lurefjorden og Lindåsosane til etterretning. Kommune vurderer det slik at det er viktig at vernestyresmaktene under vegs i prosessen med planane, har tett kontakt med lokale styresmakter for å sikre best mogeleg resultat for alle partar som vert råka – privatpersonar, ålmenta, lokale styresmakter og næringsaktørar.

På det noverande tidspunktet i prosessen vil Lindås kommune peike på følgjande moment som viktige:

- tilhøvet til landbruksnæringa i området må utgreiast nøye, og framhald av denne næringa må sikrast og etter at vern av området eventuelt er sett ut i livet
  - næringsaktivitet elles og busetting rundt fjordsystemet må kunne halde fram, og dette må klargjerast eksplisitt i arbeidet med planen
  - vernestyresmaktene må legge til grunn i sitt arbeid at dei gjeldande og snarleg ferdigstilte private og kommunale planane som er utarbeidd for området, skal kunne realiserast.
- .....